

Festivaljobben fullført

02.06.2013



**Klokka 11.30 i føremiddag gjekk kystvaktskipet KV Tor ut gjennom Storsundet - jobben i samband med festivalen i Rosendal var fullført. Mellom anna hadde Kystvakten samarbeidet med politibåten om promillekontroll som ga eit tildels nedslåande resultat.**

Men kva slags kystvaktskip er det som har vitja våre farvatn denne gongen? Det inngår i Nornen-klassen og er spesialbygd for teneste i den indre kystvakt med ansvar i området mellom Haugesund og Stad.

Skipet vart levert frå eit verft i Polen i 2007. Det er på 761 tonn, 47 meter langt og held ein fart på 16 knop. Bemanningen er 13. Over passerer KV Tor Skorpo for sakte fart.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen